

**Notat**Dato: 02.10.2018  
Arkivsak: 2014/13889-111  
Saksbehandlar: evavinj

---

**Til:** Fylkestrafikksikringsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering om rapporten "Koblingen mellom nullvekstmålet og nullvisjonen - fotgjengere og syklisters sikkerhet i storbyområdene"****Bakgrunn**

Vegdirektoratet har utarbeidd rapporten «Koblingen mellom nullvekstmålet og nullvisjonen» der dei ser på kva som må til for å sikre tryggleiken til mjuke trafikantar i storbyområda med byvekstavgift. Nullvekstmålet, som ligg til grunn for byvekstavgiftane, seier at persontransportveksten skal takast med kollektiv, sykkel og gange. I Meld. St. 33 (2016 - 2017) NTP 2018 – 2029 klart slått fast at: «Det er en ambisjon at målet om økt gang- og sykkeltrafikk skal nås uten at dette fører til flere drepte og hardt skadde fotgjengere og syklister». I Bergen viser snittstal frå periodane 2007-2011 og 2012-2016 at flest døyr eller blir hardt skadd i fotgjengarulykker<sup>1</sup>. Ei sentral problemstilling er difor korleis ein kan nå nullvekstmålet, og samstundes lykkast med arbeidet for nullvisjonen – at ingen skal bli drepne eller hardt skadd i trafikken.

**Om rapporten**

Vegdirektoratet sin rapport har to delar, fyrste del tek føre seg generelle utfordringar i problemstillinga og i andre del går ein inn på kvart av storbyområda med byvekstavgift for å kartlegge korleis dei ligg an i høve til problemstillinga. Her har ein også sett på forventa utvikling i skadeomfanget dersom det ikkje blir innført ytterlegare trafikksikringstiltak.

I rapporten er det identifisert 12 ulike innsatsområde som storbyområda skal rapportere på innan 1. desember 2018. Rapporteringa skal ta føre seg status og framtidig innsats innanfor innsatsområda. Vurderingane skal mellom anna nyttast i arbeidet med ny bystrategi i NTP 2022 – 2033. Rapporteringa blir eit samarbeid mellom Statens Vegvesen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Dei 12 innsatsområda som det skal rapporterast på kan gi ein peikepinn på område ein kan jobbe vidare med innan trafikksikring. Under finn de lista.

1. Drift og vedlikehald av gang- og sykkelanlegg
2. Etablere et samanhengande hovudnett for sykkel med løysingar som ivaretek trafikksikringa på ein god måte.

---

<sup>1</sup> Kjelde: Tiltaksplan trafikksikkerhetstiltak i Miljøløftet 2018-2021

3. Implementering av nye fartsgrensekriterier innanfor tettbygde strøk (fartsgrense 30 km/t – 50 km/t).
4. Fullføre arbeidet med å gjennomføre sykkelveginspeksjonar på alle sykkelruter langs riksvegnettet, samt gjennomføre behov for utbetring.
5. Sykkelveginspeksjonar på sykkelruter langs fylkesvegar og kommunale vegar, samt gjennomføre behov for utbetring.
6. Gjennomgang av kryssingspunkt for syklistar samt gjennomføring av utbetringar.
7. Gjennomgang av gangfelt samt gjennomføring av utbetringar.
8. Etablering av hjertesoner.
9. Registrering av trafikkfarlege forhold langs skuleveg/andre plasser der barn og unge ferdes (jf. f.eks. Trafikkagenten, Risikorydding og Barnetråkk ). Oppfølging av registreringane.
10. Sette i gang prosessar med sikte på at fleire kommunar (eventuelt bydelar) skal godkjennast som Trafikksikker kommune og/eller Trygt lokalsamfunn.
11. Gjennomføring av lokale tiltak for å understøtte nasjonale kampanjar.
12. Gjennomføre kurs for eldre fotgjengarar.

I rapporten blir det peikt på at Bergen har hatt ei negativ utvikling i talet på drepne og hardt skadde, og at det har vore fleire ulukker som involverer syklistar dei siste åra. Noko som blir påpeikt i rapporten er at det mellom anna manglar 92 km sykkelveg for å nå målet om samanhengande sykkelveg i sykkelstrategien, noko som har ei kostnadsramme på 10 mrd. Bergen kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune held no på med ei rullering av gjeldande sykkelstrategi for Bergen.

Ulike *tiltaksplanar* for å nå nullvekstmålet i Bergensområdet, vart utarbeidd og analysert i samband med byutgreiinga for Bergen<sup>2</sup>. I rapporten ser ein på korleis desse tiltaksplanane vil påverke talet på drepne og hardt skadde i trafikken dersom ein ikkje i tillegg set inn målretta trafikktryggingstiltak. Dei finn at ein i Bergensområdet vil få mellom 2 og 5 fleire drepne og hardt skadde fotgjengarar og syklistar i 2030, samanlikna med dagens situasjon. Det reknestykket tek utgangspunkt i tal frå den offisielle ulykkesstatistikken på vegulykker. Dersom ein tek med i reknestykket at det også er mange eineulykker og ei underrapportering av sykkelulykker, vil ein få eit høgare tal (mellom 5 og 22 fleire drepne eller hardt skadde).

### Oppfølging

Fylkesrådmannen vil følge opp rapporteringa på nemnte innsatsområde innan trafikksikring i Bergen, og leggja fram sak for fylkestrafikksikringsutvalet, utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet når rapporten er kla

---

<sup>2</sup> Statens vegvesen (2017): Byutredning for Bergen. Tilgjengeleg frå:  
[https://www.ntp.dep.no/By/Byutredninger/\\_attachment/2105785/binary/1225280?\\_ts=16069f47a70](https://www.ntp.dep.no/By/Byutredninger/_attachment/2105785/binary/1225280?_ts=16069f47a70)